



Arne Bruknapp
Røahaugen 35 B
0754 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5860 - 14/18929

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2014

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett på gbnr 68/2 - trong for tilleggskokumentasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett for gjenoppbygging av løe mottatt 16.07.2014. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Dispensasjon:

Omsøkte tiltak ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltak i dette området vert omfatta av det generelle plankravet i kommuneplanen punkt 1.1. Tiltaket vert også råka av byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jf plan- og bygningslova § 1-8.

Omsøkte tiltak er i strid med arealføremålet og vil følgjeleg krevja dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, det generelle plankravet i byggjeområde og byggjeforbodet i 100-metersbeltet. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Det vert rekna gebyr i dispensasjonssaker. Gebyret går fram av lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2014. Gebyrforskrifta finn ein på www.lindas.kommune.no.

Søknaden:

- Omsøkte eigedom er registrert med fleire eigarar. Det må leggjast fram fullmakt frå desse.
- Arealet for omsøkte tiltak må oppgjevast (BYA og BRA).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing



Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arne Bruknapp

Røahaugen 35 B 0754

OSLO